

LOVVERK

Retten til individuell plan er heimla i følgjande lovverk:

- Sosialtenestelova § 4-3 a
- Lov om pasientrettar § 2-5
- Kommunehelsetenestelova § 6-2 a
- Spesialtenestelova § 2-5
- Lov om psykisk helsevern § 4-1
- Lov om barnevern

I tillegg gjeld:

- Forskrift nr 1837 av 23.12.2004 om Individuell plan.

Ulstein kommune

I SAMSPEL FOR TRIVSEL OG UTVIKLING

Ynskjer du meir informasjon?

Ta kontakt med

Kari Janne Ringstad

kari.janne.ringstad@ulstein.kommune.no

tlf 70 01 78 15 eller 98 23 06 37

eller

Kristin Meli

kristin.meli@ulstein.kommune.no

tlf 70 01 78 80

Ulstein kommune

Ansvarsgruppe

INDIVIDUELL PLAN



ANSVARSGRUPPE

Kva er ei ansvarsgruppe?

Ansvarsgruppe er eit samarbeidsforum mellom brukar /påørande og dei ulike etatane som yter hjelp til ein brukar.

Dei som til ei kvar tid har mest kontakt med brukaren vil vere med i ei slik ansvarsgruppe, til dømes:

Helsestasjon, fastlege, barnehage, skule, fysioterapeut, PPT.

Kvifor ansvarsgruppe?

Føremålet med å opprette ei ansvarsgruppe er

- å sikre samordning av tiltak og at brukar får dei hjelpetiltaka som vedkomande treng og har rett på.
- å utveksle informasjon mellom brukar/påørande og dei ulike etatane for å gjere tenestene best mogleg.

INDIVIDUELL PLAN

Kva er ein individuell plan?

- Individuell plan er ei skjematisk oversikt over hjelpebehov, hjelpetiltak, og kortsiktige og langsiktige mål for brukaren.
- Individuell plan vert vanlegvis utarbeidd i ei ansvarsgruppe, og planen skal reviderast ein gong pr. halvår.
- Personar med behov for langvarige og samansette tenester har RETT til å få utforma ein individuell plan.
- Tenestemottakar/brukar har så langt råd er rett til å delta i arbeidet med sin eigen plan.

BRUKAR OG PÅØRANDE

- Den sentrale tanken bak ansvarsgruppe og individuell plan er brukarfokus.
- Tilbod om ansvarsgruppe vert gitt for å sikre eit godt samarbeid mellom brukar og dei som har mest kontakt med og yter tenester overfor brukar.
- Det skal til ei kvar tid vere ein person som har det overordna ansvaret for oppfølging og koordinering.

